



ByggProsjekt AS
Postboks 53
5899 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4180 - 16/34846

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
21.12.2016

Mellombels bruksløyve for garasjeanlegg P7 - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 606/16

Tiltakshavar: Alversund utvikling AS

Ansvarleg søkjar: ByggProsjekt AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.02.2016.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering i veke 50 (stadfesta på telefon med søkjar/tiltakshavar at dette er ferdigstilt innan 20.12.16)
2. Oppføring av rekkehus med tilhøyrande anlegg.

Mellombels bruksløyve gjeld garasjeanlegg P7 under bustad 35-37. Garasjeanlegget er i planen avsett til parkering for bustad 26-29 og 35-46, og det er krav i reguleringsplanen at parkeringsareala vert ferdigstilt samstundes med dei bygningane som kravet er knytt til. I samband med at det no vert søkt om mellombels bruksløyve for bustad 26-28, må også garasjeanlegget takast i bruk.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: **31.12.2017**.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.12.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Rekkehus i 2 etasjar med 3 bueiningar og felles garasjeanlegg
Bruksareal:	368 (garasjeanlegg)

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for garasjeanlegg P7 på gbnr gbnr 134/471 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: garasjeanlegg
2. Vilkår i rammeløyve og løyve om delvis igangsetting datert 04.02.2016 må vera stetta før det vert gjeve ferdigattest for garasjeanlegg og bustad 35-37.

Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4180

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

Mottakarar:
ByggProsjekt AS

Postboks 53

5899

BERGEN